



Normann Jostein Sæbø
Sæbøvågen 26
5938 SÆBØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8080 - 20/46431

Saksbehandlar:
Øystein Hafnor Kolstad
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.
no

Dato:
17.07.2020

Landbrukssak gbnr 487/1 Sæbø indre - Svar på søknad om riving av steingard

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om produksjons- og avløysartilskot i jordbruket gjev Alver kommune Normann Sæbø løyve til fjerning av omsøkt steingard på gbnr 487/1 Sæbø Indre.

Saka gjeld

Normann Sæbø søkar om riving av nokre steingardar som høyrer til gbnr 487/1 Sæbø Indre. Steingardane er i særst dårleg forfatning og nokre er knapt synlege i grannegrensa og framstår meir som ei steinrøys. Søkar ynskjer å sette opp skikkelig notegard i grensa og då bør steingard fjernast for best utnytting av areala og hindra atfgroing.

VURDERING:

Landbrukskontoret ved Maya Riise og Øystein Kolstad har vært på synfaring og dokumentert stoa på steingardane. Fleire av gardane er lågare enn 30cm og framstår som steinrøys. Tre i grensa har for lengst øydelagd gardane og dei har i dag ingen nytte for drifta då ein må setta opp gjerde innanfor for å halda dyra. Restane av steingard har heller ikkje noko verdi som kulturminne etter vår meining og fjerning vil gje ei meir rasjonell drift av areala.

Regelverk

Forskrift om produksjons- og avløysartilskot.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/8080

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Kjartan Nyhammer
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Normann Jostein Sæbø

Sæbøvågen 26

5938

SÆBØVÅGEN